



DEN NORSKE KYRKJA

Ikkornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikkornnes Sokneråd 11.03.2020

Ikkornnes kyrkje kl. 20.00.

Til stades: Ingmund Eliassen, Erlend Lunde, Magnar Vigstad, Janita K Eikemo, Ellen B Vatne, Anita Øvergård. Bergljot Hjortdal hadde meldt fråfall.

Sak 15/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen innvendinger.

Sak 16/20 Godkjenning av referat frå forrige møte

Godkjent.

Sak 17/20 Evaluering Kyrkjedagane 2020

Fredag: Suksess med programmet, godt oppmøte og nok mat 😊 Må ha fleire til å hjelpe, og ha ekstra kaker i reserve. Sjekke opp at alle som er sett på liste møter.

Laurdag: Litt lite folk pga kollisjon med turnstemne / jubileum. (Stod ikkje i Kulturkalenderen når vi sjekka ledige helger.) Men grei omsetning likevel, og nydelig graut – takk til Erlend. Vi bør kanskje tenkje nytt vedr laurdagen – lage eit anna opplegg enn det har vore tidligare?

Vedr. loddsal på bok: Bruke eit par laurdagar å selge på Mega, slik at dei frå «hi sida» også får anledning til å kjøpe lodd 😊

Søndag: Kjekk Gudsteneste med nesten full kyrkje. Selde ut resten av rullelodka, og fekk omsetning på resten av kakene.

Resultatet økonomisk vart det beste til no.

Sak 18/20 Fasteaksjonen 2020

Janita har kontroll. Hadde møte med Janne Svindseth mandag denne veka og gjorde alt klart. Alt er i rute, det er kun 65 konfirmantar i år, så mulig dei må ha litt hjelp med rodene. Men avventer i og med at det har blitt så usikkert i forhold til Corona-viruset. Uansett må det ordnast med redaksjonell omtale i Sykkylvsbladet i forkant.

Sak 19/20 Konsert 19. april «Trio m/band»

Hundeidvik Blandakor har også sagt ja til å vere med. Vi i soknerådet er med å hjelper til med arrangementet, men blir mest sannsynlig avlyst pga Corona-epidemien.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Sak 20/20 Familiemiddag jippi-koret i april

Denne må også utsetjast på ubestemt tid.

Sak 21/20 Nytt keyboard til kyrkja

Dette er no innkjøpt med god assistanse frå Åge Frøystad. Fekk tak i eit som var kunderetur, så det vart litt avslag i prisen. Totalt kr 28.000.- med stativ og bag. Soknerådet sender søknad til Rebekka-losjen og Odd Fellow om stønad til dette.

Sak 22/20 Temperaturen nede i kyrkjestova

Dette er eit stort problem. Den nye varmepumpa virker ikkje som ho har nok effekt til å varme opp heile det store rommet. Der er også stort varmetap via vindua (trekker) og opp gjennom pipa. Mulig vi kan sjå på muligheiter for å tette litt her og der... Men generelt er det for kaldt i rommet, og alle som bruker kyrkjestova klagar på at det alltid er så kaldt. Kanskje vi også bør klage på den nylig leverte varmepumpa og stille spørsmål om den er rett type til dette rommet?

Sak 23/20 Dugnad ute og/eller inne 22. april

Det er behov for opprydding, vasking, shining av uteareal etter vinteren, samt litt anna vedlikehald. Vi kaller inn heile soknerådet inkl. vara + andre frivillige som kan ha lyst til å bidra. Må avvente til corona-situasjonen er avklart...

Sak 24/20 Kort oppsummering frå siste møte i Fellesrådet

V/Ellen. Budsjettgjennomgang, og korleis skaffe meir pengar til kyrkjene? Fonda vi har blir tappa litt etter litt, så det er behov for påfyll. Vi bør følge opp forslaget om fast «giverteneste» for folk som høyrer til i soknet vårt. 100.- el 200.- pr mnd vil monne bra dersom mange går inn i ordninga.

Sak 25/20 Risikovurdering frå Møre Bispedømmeråd om situasjonen rundt Corona-viruset

Kan ikkje samle store folkemengder, ikkje over 100 pr no. Blir vanskelig å gjennomføre Gudstenester i tida framover. Usikkert mht konfirmasjonane i mai, og ved evt. dåpshandling må ein vurdere å kun ha næraste familie. Blir også problem med gravferder og bryllup. Ein får vurdere situasjonen frå dag til dag framover...

Neste møte: Onsdag 22. april kl 18 (eller 18.30?)

Vi kaller inn til dugnad, kjem tilbake til dette når det nærmer seg, samt lager ei eiga innkalling på soknerådet si lukka FB-gruppe.

Skrivar, Anita Øvergård